

Eidsvik & Selstad Eigedom AS
Børnes 4
5463 Uskedalen

Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 Rosendal
Att. Forvaltningsutvalet

Uskedalen 04.05.2022.

Saksbehandler: Toril Slåke Deres ref 2022/1032 – 15 Brev av 21.04.2022.

Uttale til klage på vedtak – 134/85 – Opparbeiding industriområde Børnes – Uskedalen (2021/2796)

Vedrørende klage frå Br. Hjørnevåg ved Marit Hjørnevåg, datert 08.04.22., så har vi følgjande uttale:

Direktoratet for mineralforvaltning

Her viser vi til brev frå direktoratet 20.04.22., som Kvinnherad kommune også har motteke.

Utdrag frå DMF si vurdering:

«Mineraluttaket er ifylgje Eidsvik & Selstad Eigedom naudsynt for å leggje tomta til rette for næringsbygg, kai og relatert infrastruktur. Tiltaket er i samsvar med reguleringa av området, og Eidsvik & Selstad Eigedom søkte 21.09.2021 Kvinnherad kommune om løyve etter plan- og bygningslova § 20-1. Løyve blei gjeve 09.03.2022.»

*«DMF legg til grunn opplysningane om at mineralluttaket skjer i samsvar med reguleringsplan, og med løyve etter plan- og bygningslova. Dette tyder klart på at mineraluttaket hovudsakleg er del av annan utnytting av grunnen. Ut frå informasjonen DMF har fått og elles er kjend med, ligg det ikkje føre særlege tilhøve i saka som gjer det naudsynt å gå vekk frå dette utgangspunktet. Me legg derfor til grunn at mineraluttaket hovudsakleg gjerast som annan utnytting av grunnen enn kommersielt mineraluttak. **Minerallova gjeld av den grunn ikkje, jf. § 3 andre ledd.**»*

Under punktet **Grunngjeving** viser M. Hjørnevåg til brev frå Direktoratet for mineralforvaltning av 03.02.2022 inneheld spørsmål, som ikkje er besvart, og som er viktige i forhold til vurderinga for rett vedtak i saka.

Ved behandling av søknad i Forvaltningsutvalet 9 mars 2022, hadde ikkje kvinnherad kommune motteke uttale frå DMF på sin forespørsel av 18.02.22., men vilkår til igongsetjingsløyve inneheld dei samme punkta som er nemt i brev frå DMF 03.02.22.

Vi legg til grunn at uttale frå DMF 20.04.22. har avklart saka grundig, og gjev svar deler av vilkår nemt i vedtak i Forvaltningsutvalet 09.03.22.

Vi går ikkje inn på M. Hjørnevåg sine kommentarer/vurderingar på totalt uttak, uttak som er omsøkt eller kva som trengst av massar for planering nemt i punkt 1 og 2 i klagen. Dette er beskrive i eigen **Massehåndteringsplan – Uttak av ca. 30 000 m³.**

Punkt 3 i klagen er svart på under DMF si vurdering.

Punkt 4 – Støv og støyplager:

Vi har filma boring, sprenging og knusing for å dokumentera at arbeidet er ihht. Forureiningsforskrifta kap. 30., som som Statsforvalter viser til for denne type arbeid.

Vi har dokumentert at når ein knuser stein og tilfører vatn inn på knuser, så er dette tiltaket det som skal til for å dempe evt. støyplager. Knusing vil foregå i ein kort periode av anleggsarbeidet, fortrinnsvis haust/vinter, og det vil bli teke omsyn til nærliggande bedrifter og naboar med tanke på støy og støv.

Vi vil og nemna at Byggesakskontoret ved leiar og saksbehandlar har og sett knusing i forbindelse med synfaring på omsøkt areal 04.02.22.

Når det gjeld fleire næringsverksemdar på Børnes som ligg nærare enn 200 m frå eit mobilt (mellombels) knuseverk, så er ikkje desse omfatta av støygrensene i forureiningsforskrifta kap. 30.

§ 30-8 Støy fra sprengninger er unnateke bestemmelsane.

For å sjekka at vi ligg innanfor krav til støy har vi gått til innkjøp av godkjent støymålar og utført støymålingar, som ligg godt innanfor støykrav frå Miljødirektoratet.

I korte periodar (mindre enn 8 veker) med knusing av stein er det ikkje krav til støvmålingar.

Punkt 5 – 6 – 7 og 8 Oppsummering:

Etter vårt syn kjem M. Hjørnevåg med udokumenterte påstandar i forbindelse med merknader til våre nabovarsel og i klager (Ref forrige klage frå Hjørnevåg 07.01.21.) og skriv at vedtaket i Forvaltningsutvalet *«medfører ei stor belastning på vårt ytre miljø og ikkje minst eit heilt ukjent tidsperspektiv for dette arbeidet som er tenkt utført.»*

Avslutningsvis i klage av 08.04.22. gjev M. Hjørnevåg uttrykk for *«at Br. Hjørnevåg er positive til næringsutvikling på Børnes og ynskjer ei god utvikling av næringsområdet, og at reguleringsplanen som er under utarbeiding skal gje bærekraftige og samfunnsnyttige rammer for dette.»*

«Vi er sjølvstøtt innforstått med at det under utbygging av området vil medføra anleggsarbeid med sprengning, transport og planering av massar og tilhøyrande støv og støy. Sidan vi driv matproduksjon i same område, er vi interesserte i at dette vert avgrensa til eit minimum og vert utført i samsvar med forutsigbare rammer. Slik

rammene og vilkåra i vedtaket er formulert meiner vi at det ytre miljøet ikkje er godt nok hensynstatt.»

Vi legg til grunn at kommunedirektøren i si innstilling til Forvaltningsutvalgets møte 09.03.22. har vurdert merknad frå Hjørnevåg på vårt nabovarsel, andre moment og retningslinjer/lover i forbindelse med vår søknad.

Klage frå Hjørnevåg 08.04.22. er lik den forrige klagen frå Hjørnevåg 07.01.21. med tanke på knusing av massar.

I klage frå 07.01.21. under Grunngeving er det også eit avsnitt som seier:

«Difor meiner vi, itråd med dei vurderingar som kommunedirektøren har gjort, at dersom det eventuelt er ønskeleg med knusing av stein i området, må det utsetjast til ny reguleringsplan er vedteken.»

Vi stiller oss noko undrande til Hjørnevåg sin argumentasjon og krav i begge klagane, for så å avslutta med at ein er innforstått med den anleggsvirksomhet som må til for utbygging av vårt areal.

Vi ser av kommunens saksnr 2021/23 i Forvaltningsutvalet at klagen av 07.01.21., vart grundig belyst av kommunedirektøren i forkant av klagebehandling i Forvaltningsutvalet 10.03.2021. Klagen vart avvist av Forvaltningsutvalet.

Vi kan ikkje sjå at ny klage på knusing av stein, datert 08.04.2022 (med samme innhald og argumentasjon) skal bli teken til følge. Andre spørsmål i klage av 08.04.22. er/blir avklara før igongsetjing av arbeidet.

Med tanke på «bærekraftig utnyttelse av steinressursar», og det «grønne skifte» må det vera eit godt miljøtiltak å knusa skotstein på det området massane skal nyttast til planering av næringsarealet. Dette vil redusera transport ut og inn av området, og følgeleg redusert CO2-forbruk og forureining.

Ein kan ikkje lasta skotstein på bil og hengar og køyra det til Sandviklio for å bli knust, for så å transportera knuste massar tilbake til Børnes.

Avslutningsvis vil vi nemna at det har foregått reinsking, boring, sprenging, knusing av stein på Børnes i forbindelse med tilrettelegging av næringsarealet på vest sida av «hovudvegen» ned til tømmerkaien i ein periode frå ca 2016 og fram til 2019/2020.

I mange år har det vore stor aktivitet i tømmerhogst og denne blir skipa ut over tømmerkaien på Børnes. I 2021 er det skipa ut 30.000 m³ med tømmer over tømmerkaien og dette utgjer ca 1000 – 1200 lass med bil og henger til og fra tømmerkaien.

Vi kan ikkje sjå at vårt arbeid med tilrettelegging av næringsareal skal påføre Hjørnevåg støv og støyplager slik at det iflg M. Hjørnevåg «vil oppstå faremoment som vi ikkje kan ivareta og som vil vera til fare for våre produkt. Det kan skapa utfordringar for oss å behalda ISO-godkjenninga, og føra til vanskar for oss i den daglege drifta og i forholdet til våre kundar.»

Vi kjenner ikkje til kva krav som gjeld ISO-godkjenning for bedrifter som driv med matproduksjon, men vi vil vi tru det er eit generelt krav til innretningar, for å hindra all form for «ytre forureining» i å trengja inn i produksjonslokala. Vi er kjent med at Hjørnevåg har «overtrykk» i produksjonslokala.

At Hjørnevåg driv med matproduksjon kan ikkje vera eit argument for å stoppa vår tilrettelegging av næringsareal, i tråd med eit samrøystes vedtak i forvaltningsutvalet med heimel i plan- og bygningsloven § 20-1,3, som også er iht. gjeldande reguleringsplan og kommuneplan.

Det ytre miljø i forbindelse med vår tilrettelegging av næringsareal på Børnes er ivareteke av nasjonale forskrifter frå Miljødirektoratet og Forureiningsforskrifta kap. 30.

På slutten av sin klage skriv Marit Hjørnevåg:

«Brødrene Hjørnevåg AS er som kjent positive til næringsutvikling på Børnes, men dette må skje på ein måte der eksisterande verksemdar, naboar og fritidseigedommar blir ivaretatt på ein god måte og ikkje må vera usikker på både framtidig drift og helseutfordringar.»

Vi reknar med at nasjonale forskrifter og regelverk er akseptert av Hjørnevåg, og at dette ivaretar og gjev trygghet med tanke på framtidig drift og helse, som Hjørnevåg er opptekne av for deira verksemd.

Det kan ikkje vera M. Hjørnevåg som skal definera om det ytre miljøet er godt nok ivareteke og på denne bakgrunn krevja at det ikkje skal foregå knusing og lagring på området.

Boring, sprenging, knusing og lagring av stein er ein lovleg regulert aktivitet i forbindelse med tilrettelegging av vårt næringsareal.

Om Br. Hjørnevåg er positive til næringsutvikling på Børnes ber vi om at dei tar innover seg at omsøkt og godkjent anleggsaktivitet er nødvendig for å få utvikling på Børnes.

Med venleg helsing
Eidsvik & Selstad Eigedom AS



Svein Arne Eidsvik